



Ro og glede

Askerbusette Vibeke Platou og ekte-
mannen finn ro og glede på nyoppbyg-
de Tuftin fjellgard i Rauland. No opnar
dei for at andre også skal få nyte plas-
sen. Les meir på dei to neste sidene.

(Foto: Geir Ufs)



Fornøgd: Vibeke Platou storkosar seg i det fine tunet.

Vil dele ein vakker stad med

Tuftin fjellgard i Rauland er blitt eit vakkert tun der eigarane frå Asker vil tilby kurs og anna framover.

VTB Geir Ufs
geir.ufs@vtb.no

For seks år sidan kjøpte Vibeke og Jan Krister Platou frå Asker den 25 mål store eigedomen Tuftin fjellgard på ei tid det var sett opp råbygg i tunet. Småbruket som stod der var rive tidlegare.

Det er Ottar Romtveit som har teikna bygga og sett dei opp. Ekteparet Platou har heile tida under oppbyggingsåra delteke i prosessen.

– Me var så heldige å få kjøpe denne plassen, men det har vore seks arbeids- og strevsame år. Det har vore ei utfordring og glede å halde på med dette. No melder me flytting til Rauland, sjølv om me bære framleis skal jobbe i Asker. Me har vore mykje på Tuftin, og gjeitt om me skal vere her meir og meir framover, smiler Vibeke.

Meir arbeid ventar

Både ho og ektemannen er opptekne av

handverkstradisjonen som i Rauland og å bruke lokale handverkarar.

– Det er veldig viktig for oss å bruke lokale handverkarar. Dei er jo best og til å stole på. Me er veldig fornøgde med løysingane som har kome, og det er også fordi me har hatt god dialog med handverkarane, slår Vibeke fast.

Eit anna døme på at Platou satsar lokalt i alle ledd, er valet av Kandesign i Vinje som har laga heimesida for Tuftin fjellgard.

Tuftin er teikna som eit 1700-tals telemarkstun. Lafta loft, veslebur, låven, fjøset, stallen og våningshuset er på plass, og snart skal dei restaurere ei lafte som ligg nede.

– På brureloftet skal det kome ei himmelsk himmelseng, og eg drøymmer om å ha badestamp der også, seier Vibeke.

Sjølv om bygga har fått namn som stall

og låve, er det ikkje snakk om å ha dyr der. Til dømes skal låven få flott kjøkken og har fine selskapslokale.

– Her kan det vere atelier og stadbunden aktivitet, seier Vibeke.

Eigeninnsats

Ekteparet har hatt sonen Petter med på stor eigeninnsats i bygningane. Han har mellom anna laga den eine flotte senga etter den andre, og ordna kjøkkeninnreiinga. Det skjedde på den tida Petter gjekk i lære hos Garatunet snikkarverkstad i Rauland. Etter to år busett i tunet tok han svenneprøva i møbelsnikring i bygningane, og gjorde det veldig bra.

Interessa for tradisjonen held fram. No byggjer 25-åringen mellom anna møblar av 100 år gamle materiale i moderne design. Møblane blei tatt ut til å delta på ei stor

møbeldesignmesse i Stockholm både i fjor og 2011.

På Tuftin er det lagt ned eige reinseanlegg og bora etter vatn. Vidare er det vassboren varme i dei fleste golva.

– Det fungerer veldig godt, og me brukar ikkje meir straum enn på ei vanleg hytte, fortel Vibeke.

Det seier seg sjølv at ekteparet har lagt ned store verdiar i tunet, men Vibeke vil ikkje snakke om kva det har kosta.

– Det er heilt uvesentleg. Me er to om dette. Dei tri sønene me har er ute av reiret. No er tunet den nye babyen vår, og den har me lyst til å dele med andre, seier Vibeke.

Glad i å måle

Etter seks års byggjetid undra ho og mannen kva dei skulle bruke tunet til.

– Hjartet mitt er nærast bildekunst. Eg har

Bare fantasien set grenser

Kristin Ellefsen er kultur- og kunstformidlar og driv galleri i Asker. Ho fekk høve til å vere nokre dagar på Tuftin fjellgard.

– Det fyrste som slo meg då eg kom ut bildøra var *den stilla!* Her er kvalitet som ikkje kan kjøpast for pengar. Eg er heilt overvelda; alt er så gjennomført frå store golvbord til saltkaret på bordet, og eg kan ikkje sjå at det manglar ein einaste ting her. Med desse fasilitetane er det bare fantasien som set grenser for kva ein kan gjere på Tuftin, seier Ellefsen.

– Og barndomens blomar er her framleis, medan i Asker er dei i ferd med å forsvinne på grunn av forureining. Tuftin er ein plass eg har lyst til å kome tilbake til, helst alt i juli, held Ellefsen fram med eit stort smil.



Verdiar: – Barndomens blomar er her framleis, smiler Kristin Ellefsen.



Inspirerte:

Kunstnarane som bladfyken møtte hadde ikkje vanskar med å finne inspirasjon til arbeida sine.



Alt innvendig:

Sonen Petter laga mellom anna mange senger som er plassert rundt i bygga. Til høgre er eit skåp der fjernsynet er bak dørene.

andre

vore så heldig å fått tak i fire profesjonelle bildekunstnarar som skal halde målarkurs her i august og september, seier Vibeke om at Tuftin blir ein kursstad.

– Det er mange moglegheiter her framover, til dømes å ha ulike kurs eller arrangere bryllaup. Ting får gå seg til etter kvart om kva me skal drive med i dette unike landskapsområdet og tunet, held ho fram.

Etter ferien blir det mellom anna kurs i blomstermåling.

– Bildekunstnar Ingolv Helland skal ha kurset. Han er ein veldig dyktig kunstnar, og eg gjekk i lære hos han i to år. Han bur i London der han har hatt ei stor utstilling. Det har han også hatt i Berlin. Og han kjem til Rauland, jublar målarglade Vibeke.

I september kjem Jan Valentin Sæther for å halde kurs. Kunstnaren Jon Bakken i Grungetal og Vibeke har bae gått i lære hos Sæther.

I bygningane er det overnattingsplassar for i alle fall 12 personar. Sjølv om ekteparet Platou opnar for kurs i tunet, føler dei ikkje at dei mistar den private kjensla.

– Me kosar oss kvar dag og er klare for å dele denne vakre staden med andre. Me ynskjer å formidle ein del av den rike folkekulturen i Telemark gjennom å opne for målekurs, seier Vibeke.

Totaloppleving

Når VTB er innom har Vibeke besøk av sju målarveninner og kollegaer for å vise fram tunet til dei.

– Eg opplever at dei som kjem hit får ro, glede og inspirasjon. Det påverkar oss positivt og gjev kreativitet. Dei som vil måle her skal få ei totaloppleving. Eg er interessert i tradisjonsmat, og er spesielt glad i å bruke råvarer frå staden. Menyen

for kollegaene mine i kveld blir hoppeskinke som eg har laga sjølv, røye og aure frå Totak, brau frå Skreppa og rabarbragraut til dessert. Meir lokalt kan ein ikkje få det; enkel, real og god mat, smiler Vibeke.

På kjøkkenet står det ein flott magasinomn som blir til god nytte for ei som er glad i å lage mat.

– Denne «slow food-omnen» er ein fantastisk måte å få fram god mat på. Omnen har eg veldig glede av. Hoppeskinke har eg hoppa på i to døgn, og latt henge i to år, avsluttar Vibeke, snart klar for å bli raulending og servere fleire idear for eit tun ein skal leite lenge etter.

Måleglad: Vibeke er veldig glad i å måle. I bakgrunnen er eit måleri ho har laga av dei lokale dansarane Signe Årdalen Tveiti og Johan Vaa.

